

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
052/10	PLANUTVALET	11.05.2010	Bjørn Wefring

Arkivsaknr. 09/1419	Arkiv: FA-L12
---------------------	---------------

GNR. 27 BNR 0027 .0028 0029 0030. FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR BAKKASUND

Rådmannen si tilråding:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av pbl § 12-10, at reguleringsframlegg for Bakkasund-området gnr.27, vert lagt til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

11.05.2010 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

Forslag om rådmannen si tilråding med dette tillegget:.

Planutvalet vil spesielt understreke at estetikk er viktig med tanke på utvikling av Bakkasund.

PLA-052/10 Vedtak:

Planutvalet vil understreke at estetikk er viktig med tanke på utvikling av Bakkasund

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av pbl § 12-10, at reguleringsframlegg for Bakkasund-området gnr.27, vert lagt til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
30.04.2010	instanser.pdf
30.04.2010	brev.pdf
30.04.2010	merknader.pdf
04.05.2010	Siste gjeldande reguleringsbestemmelser, Bakkasundplanen II
04.05.2010	460_reguleringskart 1.pdf
06.05.2010	ROS-Analyse Bakkasund.26.03.10.pdf

Bakgrunn for saka:

Austevoll kommunestyre godkjende oppstart planarbeid i møtet 14.12.2006. I brev motteke 04.11.08 frå fylkesmannen, mottok kommunen tilsegn om kr. 100.000.- i støtte til planarbeidet. Han kravde også at det vart lagt ned mellombels bygge- og deleforbod under planprosessen. Dette vart gjort.

Planutvalet handsama saka på nytt og gav nytt oppstartsløyve i møte 25.11.2008.

Arkitektkontoret Tippetue Arkitekter AS vart engasjert som konsulent. Dei har avdelingskontor på Kvaløy, nære planområdet.

Vurdering:

Planområdet omfatter hamna og hamneområdet med holmane og næraste strandsona. Det har vore eit mål å få på plass fleire næringsområder. Planområdet på Nautøy vert søkt regulert til bustad. Viktige element i planprosessen har vore tilhøve til strandsona, allmen tilgjenge, vern av kulturlandskap, trafikale tilhøve, byggehøgder og arealbruk. Ein intensjon med planen er å rydde opp i arealbruken i området og gje rom for ny næringsutvikling. Det er også eit mål at offentleg tilgjenge til strandsona vert sikra.

Det har vore fleire møter mellom rådmannen, politisk leiing og konsulenten under utarbeidinga av det framlagte planforslaget. Høyringspartane har kome med innspel og fleire grunneigare har meldt inn sine ønskjer.

Planprosessen så langt har vore open og god med mange innspel, og rådmannen kan rå til at framlegget vert lagt til offentleg ettersyn.